

Rundskriv nr. 03/2024

Tilskotsordning for opplæring i norsk for voksne personar med kollektiv beskyttelse for 2024

1. Innleiing

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) har utarbeidd dette rundskrivet. Rundskrivet er basert på retningslinjene for tilskotsordninga, kapittel 672, post 60, fastsette av Arbeids- og inkluderingsdepartementet 01.01.2024 etter § 8 i reglement for økonomistyring i staten og kapittel 6 i bestemmelser om økonomistyring i staten.

Tilskotsordninga for opplæring i norsk for voksne personar med kollektiv beskyttelse frå 2024 er tredelt og består av persontilskotet § 37 d, tilskotet til utvida norskopplæring § 43 g og grunntilskotet.

IMDi forvaltar tilskotsordninga.

2. Mål, tilskotsmottakarar og målgruppe for tilskotsordninga

Målet med persontilskotet og tilskotet til utvida opplæring er at kommunane og fylkeskommunane kan tilby opplæring i norsk til fordrivne frå Ukraina som ønskjer ei slik opplæring, etter integreringslova kapittel 6 A og etter integreringsforskrifta kapittel 8 A. Tilskota skal også gå til å gjennomføre prøvar i norsk etter integreringslova § 37 d.

Målet med grunntilskotet er å betre dei økonomiske rammevilkåra små og mellomstore kommunar har for opplæringa i norsk.

Tilskotsmottakarar

Tilskotsmottakarane for persontilskotet og tilskot for utvida opplæring er kommunar og/eller fylkeskommunar, avhengig av kven som gjennomfører opplæringa.¹ Tilskotsmottakarane for grunntilskota er kommunar.

2.1 Målgruppa for tilskotsordninga

Målgruppa er personar mellom 18 og 67 år som har fått opphaldsløyve etter utlendingslova § 34, og som har rett, men ikkje plikt, til å delta i opplæring i norsk, jf. integreringslova § 37 d. Kommunane og fylkeskommunane kan gi utvida norskopplæring til deltakarar som er omfatta av integreringslova § 37 d som treng det for å oppnå eit minimumsnivå i norsk, jf. § 27 og § 28.

¹ Jf. integreringslova § 30.

3. Kriterium for måloppnåing

Kriteriet er todelt:

- Fordrivne frå Ukraina som har rett, men ikkje plikt, til å delta i opplæring i norsk, bør oppnå eit minimumsnivå i norsk.
- Kommunen skal samtidig som det blir gjort vedtak om opplæring, utarbeide ein norskplan. Denne planen skal innehalde norskmålet for deltakaren.

4. Tildelingskriterium for tilskota

Dette punktet er todelt og beskriv meir om persontilskotet og tilskot til utvida norskopplæring (punkt 4.1) og grunntilskotet (punkt 4.2). Vi går nærmare inn på vilkåra for å få tilskot, berekningsreglane for tilskota, satsane for 2024 og informerer om utbetalinga av tilskota.

4.1 Persontilskotet

4.1.1 Vilkår for å få persontilskot

Tilskottane blir utbetalt automatisk til tilskotsmottakarane basert på data i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR).

Kommunen må derfor

- registrere vedtaka om opplæring i norsk i NIR for at tilskot skal bli utbetalte
- registrere deltakarane som får norskopplæring i vidaregåande skole, i NIR for at tilskota for desse deltakarane skal bli utbetalte til fylkeskommunen

Dersom kommunen allereie har gjort vedtak om opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter kapittel 6 i integreringslova *før* dette blei erstatta av kapittel 6 A den 15. juni 2022, skal kommunen gjere nye vedtak etter integreringslova kapittel 6 A, jf. § 1 i overgangsreglar om integreringslova kapittel 6 A. Det tidlegare vedtaket fell bort.

4.1.2 Berekningsreglar

Retten til opplæring i norsk gjeld i eit år frå tidspunktet då opplæringa starta. Personen må vere busett etter avtale med kommunen og integreringsmyndigheitene for å ha rett til opplæring.

Persontilskotet for opplæring etter § 37 d i integreringslova er eittårig.

For personar som treng utvida opplæring, kan kommunen innvilge inntil 6 månader utvida norskopplæring for personar som har vidaregåande nivå eller høgare frå før, slik at den samla opplæringa blir på 18 månader.

For personar som ikkje har utdanning på vidaregåande nivå frå før, kan kommunen innvilge utvida norskopplæring med seks månader om gongen i inntil to år, slik at dei til saman kan få inntil tre år norskopplæring.

4.1.3 Utbetaling av persontilskotet § 37 d og tilskotet for utvida norskopplæring

For personar som startar på opplæringa i 2024, blir det tidlegast utbetalt tilskot i kvartalet etter at personen det er snakk om, har komme inn i målgruppa og kommunen har registrert opplæringsvedtak eller vedtak om utvida opplæring i NIR for vedkommande. Tilskotssatsen for persontilskotet vil potensielt fordelast utover fire terminar. Dette betyr at tilskotssatsen blir fordelt utover tilskotsåret. Tilskot til utvida norskopplæring utbetalast i sin heilheit.

For personar som er i målgruppa, blir tilskotet utbetalt til bustadkommunen. Det er den folkeregistrerte adressa til ein person som avgjer kva kommune som blir rekna som bustadkommune.

For personar som deltar i vidaregåande opplæring på fulltid, er det fylkeskommunen som får tilskotet. Derfor må kommunen registrere deltakarane som får norskopplæring i vidaregåande skole, i NIR for at tilskota for desse deltakarane skal bli utbetalte til fylkeskommunen.

Formelen under viser berekninga av tilskot til tilskotsmottakar for termin *t*.

$$\text{Tilskot til mottakar } x = \text{Sats for tilskotsår} \times \frac{\text{Antal opplæringsmånedar i kvartal}}{\text{Antal opplæringsmånedar i tilskotsår}}$$

SATSAR FOR PERSONTILSKOT § 37 D OG UTVIDA NORSKOPPLÆRING § 43 G FOR 2024

Tilskotstype	Sats
Persontilskot § 37 d	48 400 kroner
Utvida norskopplæring	28 600 kroner

UTBETALING AV TILSKOT FOR PERSONAR MED KOLLEKTIV BESKYTTELSE

Tilskotstype	Utbetalingsdatoar	Utbetalinga gjeld
persontilskot § 37 d og utvida norskopplæring § 43 g	primo april	nye personar i målgruppa som er registrerte med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.01.24–31.03.24
	primo juli	nye personar i målgruppa som er registrerte med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.04.24–30.06.24
	primo oktober	nye personar i målgruppa som er registrerte med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.07.24–30.09.24
	medio desember	nye personar i målgruppa som er registrerte med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.10.24–31.12.24

*Det kan skje endringar, sjå IMDi.no.

Etter at tilskota er utbetalte, får kommunar og fylkeskommunar tilgang til utbetalingsgrunnlaga i

IMDi Tilskudd med detaljerte opplysningar om dei utbetalte tilskota. Dersom ein kommune eller fylkeskommune meiner å ha krav på tilskot som ikkje er utbetalt, kan dei melde frå til IMDi via Kontaktsenteret for IMDinett.

4.1.5 Opplæringa skjer hos ein annan kommune enn bustadkommunen

Ein person kan få opplæring i norsk i ein annan kommune enn bustadkommunen. Ansvar for å gjere vedtak om og sørge for opplæring ligg hos kommunen der personen er folkeregistrert.² Tilskotet blir utbetalt til bustadkommunen. Det er opp til kommunane å avgjere korleis dei fordeler tilskotet seg imellom.

4.1.6 Deling av tilskot mellom kommunar ved flytting³

Dersom ein person i målgruppa flyttar mellom kommunar, må personen melde frå om flyttinga til Skatteetaten for at adressa skal bli oppdatert i folkeregisteret. Persontilskotet blir då delt mellom til- og fråflyttingskommunen med utgangspunkt i informasjonen frå folkeregisteret. Personen har plikt til å melde frå om denne adresseendringa innan åtte dagar etter flyttinga.⁴

Dersom ein person flyttar etter påbegynt opplæring, blir persontilskotet delt mellom til- og fråflyttingskommunen. Fordelinga skal baserast på kor mange månader personen har hatt opplæring i kommunen. Tilskotet blir utbetalt til fråflyttingskommunen ut inneverande månad. Tilskot til utvida norskopplæring flyttekorrigerast ikkje, og heile tilskotssatsen vil gå til kommunen/fylkeskommunen som starta opplæringa for den gitte perioden.

Fylkeskommunen skal sørge for opplæring av personar i målgruppa som deltar på fulltid i vidaregåande opplæring etter opplæringslova.⁵ Persontilskotet blir delt mellom kommune og fylkeskommune alt etter kven som er ansvarleg for opplæringa. Av § 30 går det fram at det er kommunen som er ansvarleg for å gjere vedtak for målgruppa, uavhengig av kven som er ansvarleg for opplæringa, som nemnt i 4.1.1. Kommunen skal også registrere i NIR kva fylkeskommune opplæringa skjer i, for at delinga av tilskotet skal skje automatisk. Fordelinga skal også her baserast på kor mange månader personen har opplæring kommunalt og fylkeskommunalt.

4.1.7 Tilskot ved utreise og tilskot ved tilbakekomst til landet

Dersom ein person som har starta opplæringa, flyttar frå landet, får tilskotsmottakaren tilskot for den inneverande månaden. Deretter stansar utbetalinga. Dersom den same personen seinare gjeninnvandrar til landet, startar tilskotet opp igjen og blir då berekna frå den datoen personen gjeninnvandrar, føresett at personen framleis er i målgruppa.

4.1.8 Tilskot ved dødsfall

Ved dødsfall får tilskotsmottakaren tilskot i den inneverande månaden. Deretter stansar utbetalinga.

4.2 Grunntilskot

4.2.1 Vilkår for tildeling

Tilskotet blir utbetalt automatisk til kommunane basert på data i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR).

² Jf. integreringslova § 30.

³ Tilskot til utvida norskopplæring blir ikkje delt ved flytting.

⁴ Jf. folkeregistreringslova § 6-1.

⁵ Jf. integreringslova § 30.

4.2.2 Berekningsreglar

Ein person blir inkludert i målgruppa på tidspunktet for busetjing etter avtale som gir rett, men ikkje plikt, til å delta i opplæring i norsk etter § 37 d i integreringslova. Det er den folkeregistrerte adressa til ein person som avgjer kva som er bustadkommunen til vedkommande.

Personar som er omfatta av § 37 d, er med i berekninga av grunntilskot i eitt år.

Det er ikkje krav om at eit vedtak må vere registrert for å inngå i berekningsgrunnlaget for grunntilskot.

4.2.3 Utbetaling av grunntilskot

Kommunar med 1 til 150 personar i målgruppa per 15. januar får utbetalt grunntilskot. Utbetalinga skjer årleg og blir i 2024 utbetalt i 1. termin 2024. Grunntilskotet har to satsar – éin høg sats som blir utbetalt til kommunar med 4 til 150 personar i målgruppa, og éin låg sats som blir utbetalt til kommunar med 1 til 3 personar i målgruppa. Målgruppa utgjer summen av deltakarane etter begge lovverka. Sjå tabellen under for satsane for 2024.

SATSAR FOR GRUNNTILSKOT FOR 2024

Tilskotsår	Låg sats	Høg sats
Grunntilskot	233 000 kroner	694 600 kroner

Etter at tilskota er utbetalte, får kommunane tilgang til utbetalingsgrunnlaga i IMDi Tilskudd med detaljerte opplysningar om dei utbetalte tilskota. Dersom ein tilskotsmottakar meiner å ha krav på tilskot som ikkje er utbetalt, kan vedkommande kommune melde frå til IMDi via Kontaktsenteret for IMDinett.

5. Oppfølging og kontroll

Kommunen skal

- registrere opplysningar som er nødvendige for å gjennomføre, følgje opp og evaluere opplæringa i norsk i samsvar med integreringslova, i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR).⁶ Det er fastsett kva for opplysningar kommunen skal registrere, i tilhøyrande forskrifter.
- registrere desse opplysningane innan to månader

Det skal ikkje leggjast fram ein særskild rekneskap for tilskot til opplæring i norsk for vaksne personar med kollektiv beskyttelse. Dersom kommunen gjennomfører opplæringa til ein lågare kostnad enn det tilskotet dei har fått, kan kommunen behalde tilskotet.

IMDi og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane blir brukte etter føresetnadene.^{7 8}

6. Feilaktige utbetalingar

Har ein kommune fått utbetalt for mykje i tilskot, kan IMDi krevje å få tilbakebetalt det overskytande beløpet i tråd med ulovfesta reglar om *condictio indebiti*. IMDi har rett til å motrekne det overskytande beløpet med nye utbetalingar av tilskot til kommunen.

⁶ Jf. integreringslova § 43.

⁷ Jf. løyvingsreglementet § 10 andre ledd.

⁸ Jf. riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

7. Klagereglar

IMDis tildeling av tilskot etter denne tilskotsordninga er ikkje å rekne som enkeltvedtak⁹. Det vil seie at reglane i forvaltningslova kapittel IV til VI ikkje kjem til bruk.¹⁰ Kommunane og fylkeskommunane har derfor ikkje rett til å klage. Elles gjeld reglane i forvaltningslova, for eksempel reglane om habilitet og alminnelege reglar om saksbehandling.

8. Foreldingsfrist

Når eit tilskotskrav er forelda, taper kommunen retten til å krevje tilskotet utbetalt.¹¹ Den alminnelege foreldingsfristen er tre år rekna frå det tidspunktet kommunen tidlegast har rett til å krevje å få tilskotet utbetalt.¹²

Dersom IMDi har eit forelda tilbakebetalingskrav mot kommunen, vil det forelda kravet kunne motreknast med nye utbetalingar.¹³

9. Kontakt IMDi

Dersom ein tilskotsmottakar meiner å ha krav på tilskot som ikkje er utbetalt, kan tilskotsmottakaren melde frå om dette til IMDi via Kontaktsenter for IMDinett. Fylkeskommunane må ta kontakt med bustadkommunen til deltakaren dersom dei meiner å ha krav på tilskot som dei ikkje har fått.

⁹ Jf. forvaltningslova § 2

¹⁰ Jf. forvaltningslova § 3

¹¹ Jf. foreldingslova § 24.

¹² Jf. foreldingslova §§ 2 og 3 nr. 1.

¹³ Jf. foreldingslova § 26 bokstav b.